

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 06.06.2023
SAKSHANDSAMAR: Vidar Vie
SAKA GJELD: **Risikostyring 2023 - rapportering 1. tertial**

ARKIVSAK: 2023/191

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
21.06.2023

STYRESAK:
038/2023

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek rapportering risikostyring 1. tertial 2023 til orientering.

Oppsummering


Risikostyring for 1. tertial viser spesielt høg risiko innanfor økonomiområdet som dermed må følgjast opp særskilt framover. Også rekruttering innanfor enkelte fagområde har relativt høg risiko.


Fakta


Risikostyringa i 2023 omfattar sju område. Fem av dei er valde ut av Helse Vest; legemiddelområdet, IKT og informasjonssikkerheit, vald og trugslar mot tilsette, ekstern turnover og uønskt variasjon (radiologi og ortopedi). I tillegg har administrerende direktør valt ut økonomistyring, intern samhandling og rekruttering. Det siste av desse er slege saman med ekstern turnover i rapporteringa.


Arbeidet med dei fem risikoområda til Helse Vest vert koordinert regionalt, men Helse Førde har også lokale arbeidsgrupper som arbeider med å redusere risikoane.


Vurderingane for risikoområda i denne saka er gjort av dei risikoansvarlege basert på vurdert risiko i Helse Førde:


Legemiddelområdet	
<p><i>Styringsmål:</i> Helse Førde har rutinar som sikrar trygg legemiddelhandtering gjennom heile pasientforløpet. Det er etablert og tatt i bruk rutinar og nye tekniske løysingar som understøttar prosessen kring all legemiddelhandtering, ved innskriving, under sjukehusopphaldet og ved utskriving i Helse Førde.</p>	Risikoeigar <input type="text" value="Asle Kjørlaug"/> Risikoansvarleg <input type="text" value="Kari Furevik"/>
<p><i>Forankring og organisering av arbeidet innanfor risikoområdet:</i> Arbeidet er forankra i leiing og gjennom prosjektet legemiddelhandtering. Det er i tillegg eit stort fokus på legemiddelområdet i Føretaket på fleire område.</p>	<p>Vurdering samla risiko</p>  <p>Låg Høg</p>
<p><i>Vurdering av risiko:</i> Prosjektgruppa lokalt har vurdert risiko i Helse Førde gjennom mellom anna ein risiko og sårbarhetsanalyse av arbeidsprosessar på alle sengepostar. Samstemming av legemiddelliste er eit av områda det er knytt stor risiko til, då internrevisjon på området avdekkar at rutina ikkje vert følgd, og at dokumentasjon i pasientjournal og kurve har stor variasjon. Elektronisk kurve vert nytta ulikt frå behandlar til behandlar. Avvik internt og samhandlingsavvik viser det same. Det er særleg samstemming ved utreise det er knytt størst risiko til. Ein gjennomgang på legemiddelsamstemming på to sengepostar over ein periode på 3-4 veker i mars/april, har avdekkar ein del årsaker til at LMS ikkje vert fullstendig gjennomført.</p>	
<p><i>Oppsummering av risikoreducerande tiltak:</i> Møte med alle legegrupper for gjennomgang av elektronisk kurve og korleis bruke dette ved samstemming. Oppdatert e-læringskurs og diverse informasjon om Meona er tilgjengeleg. Tilbod om ekstra kurs/opplæring. Lekarar med ansvar for legegruppa må særleg følgje opp at samstemming skjer i tråd med rutine. Klinisk farmasøyt som deltek på previsitt. Utarbeide tiltak for oppfølging av ikkje ferdig legemiddelsamstemt liste etter at pasient er kommen til sengepost</p>	
<p><i>Kontrollaktivitetar for å vurdere om risiko endrar seg:</i> Manuelle målingar av samstemming ved innskriving gjennom kurvegjennomgang. Redusert tal samhandlingsavvik når det gjeld legemiddel ved utskriving. Stikkprøvekontroll (manuell) april 2023 syner 76.4% samstemte legemiddellister.</p>	


IKT og informasjonssikkerheit	
<p>Styringsmål: Helse Førde har ansvar for å ivareta informasjonssikkerheit og personvern. Helse Førde har ein god sikkerheitskultur som vert delt av alle tilsette, som saman gjer at pasientar og andre sine rettar med omsyn på personlege opplysningar vert ivareteke.</p>	<p>Risikoeigar Arve Varden</p> <p>Risikoansvarleg Frode Schanke</p>
<p>Forankring og organisering av arbeidet innanfor risikoområdet: Lokal arbeidsgruppe som består av IT-sjef, Informasjonssikkerheitsleiar, leiar MTA, leiar EPJ Fagsenter og personvernombod. IT-sjef deltek i dei regionale møtane. Informasjonssikkerheitsleiar deltek i dei regionale prosjekta.</p>	<p style="text-align: center;">Vurdering samla risiko</p>  <p style="text-align: center;">Låg Høg</p>
<p>Vurdering av risiko: Samla risiko er uendra sidan sist rapportering. Gjenstående risiko er knytt til fleire områder. Blant anna må vi få på plass manglande integrasjonar mellom kritiske system. Vi må jobbe vidare med klargjering av ansvarsforhold for IKT-sikkerheit for medisinsk utstyr og teknisk utstyr. Vi har noko utestående for å etterleve alle NSM sine grunnprinsipp for IKT-sikkerheit. Vi må auke kompetansen om informasjonssikkerhet og personvern for dei tilsette.</p>	
<p>Oppsummering av risikoreduserande tiltak: Vi deltek i dei regionale prosjekta med ansvar for å gjennomføre den regionale handlingsplanen for informasjonssikkerhet og personvern. Sårbarhetsskan av MU-nett er satt opp og ein jobbar med å fjerne sårbarheiter. Revisjon av regionalt styringssystem er no ferdig og skal publiserast i løpet av året. Prinsipp for systemeigarskap er godkjent. Internrevisjon er gjennomført og tiltak identifisert.</p>	
<p>Kontrollaktivitetar for å vurdere om risiko endrar seg: Færre avvik som skyldast manglande integrasjonar og feil bruk av system. Auke talet lokale ROS-analysar.</p>	

Vald og trugslar mot tilsette	
<p>Styringsmål: Helse Førde har ansvar for at medarbeidarar så langt det er mogleg ikkje blir utsett for vald og trugslar på arbeidsplassen. Helse Førde skal ivareta trygge og gode arbeidsvilkår for alle medarbeidarar gjennom eit godt førebyggjande arbeid og god tryggleikskultur.</p>	<p>Risikoeigar Arne Skjelten</p> <p>Risikoansvarleg Hallvard Brekke</p>
<p>Forankring og organisering av arbeidet innanfor risikoområdet: Det er oppnemnt lokal risikoeigar og risikoansvarleg og det er etablert lokal arbeidsgruppe. Det blir rapportert på arbeidet til styret i Helse Førde og inngår som ein del av føretaket si verksemdsstyring. Hausten 2022 starta det regionale arbeidet opp. Våren 2023 er felles regional rapport - topp 5 risiko - vold og trugslar mot medarbeidarar klar. Rapporten har konklusjon og anbefalingar til føretaka om vidare tiltak.</p>	<p style="text-align: center;">Vurdering samla risiko</p>  <p style="text-align: center;">Låg Høg</p>
<p>Vurdering av risiko: Det er avdekkja fleire manglar knytt til det systematiske HMS-forbetningsarbeidet i organisasjonen i ein revisjonsrapport frå 2020. Nokre ROS-analysar er mangelfulle eller er ikkje gjennomført på ulike nivå. Medarbeidarane kan bli for lite involverte i det systematiske HMS-arbeidet, og nokre handlingsplanar er mangelfulle eller planlagde tiltak blir ikkje iverksett eller følgde opp slik det er tenkt. Manglane i det systematiske HMS-arbeidet gjer at det ikkje er god nok oversikt over risikobildet for vald og trugsmål.</p>	
<p>Oppsummering av risikoreduserande tiltak: Det er sett iverk fleire tiltak som skal betre det systematiske HMS-arbeidet i organisasjonen. Psykisk helsevern har mellom anna tilsett MAP-koordinator i 50% stilling knytt opp mot arbeidet med å redusere vald og trugslar. Det er også sett i verk kompetansehevande tiltak knytt til førebygging og oppfølging av vold og trugsmål. Det regionale arbeidet for risikoområdet er i gang hausten 22 og felles regional rapport er klar vår 2023. Helse Førde følgjer dette arbeidet og det skal gje effektar for det vidare arbeidet på området.</p>	
<p>Kontrollaktivitetar for å vurdere om risiko endrar seg: Jamleg statusoppdateringar på området. Evaluering av måloppnåing og om tiltak fungerer, korrigeringar der det er nødvendig.</p>	


Rekruttering og ekstern turnover	
<p>Styringsmål: Å redusere tal medarbeidare som forlet Helse Førde. Helse Førde skal ha rett kompetanse og bemanning. Helse Førde skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar.</p>	<p>Risikoeigar <input type="text" value="Arve Varden"/></p> <p>Risikoansvarleg <input type="text" value="Arne Skjelten"/></p>
<p>Forankring og organisering av arbeidet innanfor risikoområdet: Det er oppnemnt lokal risikoeigar og risikoansvarleg, og det er etablert lokale arbeidsgrupper. Arbeide for å gjennomføre og implementere tiltak knytt til vår Rekrutteringsstrategi, Lærlingsstrategi, Utdanningsstrategi og tiltak mot ekstern turnover.</p>	<p>Vurdering samla risiko</p>  <p>Låg Høg</p>
<p>Vurdering av risiko: Risiko er knytt til at føretaket mister nødvendig kompetanse for å kunne utøve riktig helsehjelp. Helse Førde har generelt ein god rekruttering. Samtidig manglar føretaket kompetanse innanfor enkelte fagområde. Det vil i framtida verte større konkurranse om arbeidskraft innanfor spesialisthelsetenesta, og lågare tilgang på eksterne vikarar og helsepersonell frå utlandet. Mangel på fagfolk vil kunne gje utfordringar knytt til å yte ønska nivå på helsehjelp frå Helse Førde.</p>	
<p>Oppsummering av risikoreducerande tiltak: Her er det sett i gang både regional og lokale tiltaksutvikling i tråd med risiko. Det er sett i gang særskilte lokale tiltak i samarbeid med Psykologforeininga og Legeforeininga. Det vert også arbeid vidare med tiltak knytt til lærlingar, utdanning og kompetanseheving. Oppfølging av tiltak knytt til rekrutteringsstrategi er viktigste innsatsfaktor for oss her.</p>	
<p>Kontrollaktivitetar for å vurdere om risiko endrar seg: Jamlege statusoppdateringar på området. Evaluering av måloppnåing og om tiltak fungerer, korrigeringar der det er nødvendig. Utvikling i ekstern turnover, utvikling i tal ledige stillingar, tal søknadar på ledige stillingar.</p>	

Uønskt variasjon radiologi	
<p>Styringsmål: Helse Førde skal unngå unødvendig variasjon innan radiologi.</p>	<p>Risikoeigar <input type="text" value="Asle Kjørlaus"/></p> <p>Risikoansvarleg <input type="text" value="Børge Stavland"/></p>
<p>Forankring og organisering av arbeidet innanfor risikoområdet: Det er etablert lokal arbeidsgruppe. I det regionale arbeidet er Helse Førde representert i den regionale arbeidsgruppa der alle leiarane for dei billediagnostiske einingane, RHF'et og TV/VO er med.</p>	<p>Vurdering samla risiko</p>  <p>Låg Høg</p>
<p>Vurdering av risiko: Frametter vil fokuset til lokal arbeidsgruppe spegle arbeidet frå det regionale prosjektet. Prosjektet arbeider med mandatet der nokre av hovudoppgåvene vert knytt til å sikre likeverdige tilbod. Andre fokusområde i dette er mogelege former for vaksamarbeid, kompetanse-utveksling, bruk av kunstig intelligens og henvisningspraksis.</p>	
<p>Oppsummering av risikoreducerande tiltak: Det er pågåande ei rekke arbeid relatert til variasjon innan radiologi der Helse Førde er involvert. Nasjonalt oppdrag på å kartlegge variasjon og kome med tiltak knytt til overforbruk. Regionale prosjekt "VeRaVest" og "Bærekraftig utvikling for radiologi i Helse Vest - fremtidens radiologi" der samtlege må sjåast på som konkrete arbeid for å redusere risiko. Hovudutfordringa er å ha tilgjengelege ressursar til å arbeide aktivt med alle desse i parallell.</p>	
<p>Kontrollaktivitetar for å vurdere om risiko endrar seg: I høve tidlegare arbeid i prosjektet å gjere dei same uttrekka av forbruksrater som er gjort i dette arbeidet kan med relativt små ressursar gjeatas for å kunne følgje opp eventuelle endringar/utvikling. Ny måling på dette hausten 2023.</p>	

Uønskt variasjon ortopedi	Risiko­eigar Asle Kjør­laug
<p><i>Styringsmål:</i> Helse Førde skal unngå unødvendig variasjon innan ortopedi.</p>	<p>Risikoansvarleg Kari Anne Indrebø</p>
<p><i>Forankring og organisering av arbeidet innanfor risikoområdet:</i> Arbeidet er forankra gjennom fleire år i behandlargruppa. Det er etablert ei lokal arbeidsgruppe i Helse Førde med behandlar og kompetanse på analyse. Vi deltek også i den regionale gruppa innan ortopedi.</p>	<p style="text-align: center;">Vurdering samla risiko</p>  <p style="text-align: center;">Låg Høg</p>
<p><i>Vurdering av risiko:</i> Oppdaterte tal viser at Helse Førde generelt tilbyr meir ortopediske operasjonar enn dei andre føretaka i Helse Vest. Det som peikar seg ut klart er behandling av artrosar i kneleddet. Helse Førde tilbyr fleire pasientar kneprotese enn dei andre føretaka. Det er likevel ikkje sikkert at Helse Førde tilbyr for mange operasjonar, men mykje tyder på at vi har unødige mange liggedøgn pr pasient i Lærdal innan ortopedi. Frå hausten av vil det bli arbeid for å redusere liggetida i Lærdal til det som er vanleg nasjonalt. Det vil også bli tatt kontakt med fastlegar for å sikre at aktuelle pasientar først prøvar opptrening, noko som kan redusere behovet for operasjonar. Ortopedisk avdeling har også teke initiativ til eit samarbeid med Lærings- og meistringssenteret i Helse Førde om kurs i slik trening for denne pasientgruppa.</p>	
<p><i>Oppsummering av risikoreduserande tiltak:</i> Å ha variasjon på agendaen i behandlargruppa og få til gode faglege diskusjonar. Redusere liggetid i Lærdal. Syte for at pasientane får tilbod om konservativ behandling/Aktiv med artrose-tilbod før vurdering av ortopedspesialist. Å halde undervisning for kommunelegar jamnleg.</p>	
<p><i>Kontrollaktivitetar for å vurdere om risiko endrar seg:</i> Halde fram med å samanlikne aktiviteten i Helse Førde med Helse Vest og heile Noreg. Sikre at aktiviteten er basert på evidens og konsensus i fagmiljøet.</p>	

Økonomistyring	Risiko­eigar Arve Varden
<p><i>Styringsmål:</i> Drift av Helse Førde skal vere innanfor dei økonomiske rammene som er gitt frå Helse Vest.</p>	<p>Risikoansvarleg Øystein Helle­seth</p>
<p><i>Forankring og organisering av arbeidet innanfor risikoområdet:</i> Investerings-, driftsbudsjett og ØLP set dei økonomiske rammene for alle resultat­einingar. Alle leiarar, tillitvalde og verneombod er med i prosessen. Det er månadleg rapportering på økonomi og drift frå leiarar, jfr. heilskapleg leing. Økonomiforum mellom administrerande direktør og klinikkdirektørane, samt rapportering til styret og organisasjonen gjennom dialogmøte og AD sin time.</p>	<p style="text-align: center;">Vurdering samla risiko</p>  <p style="text-align: center;">Låg Høg</p>
<p><i>Vurdering av risiko:</i> Overordna er styringsfarten i Helse Førde i dag høgare enn dei økonomiske rammevilkåra som er gitt frå Helse Vest. Dette resulterer i negativ likviditetsutvikling og medfører at investeringar må utsettast og kuttast, ei økonomisk utvikling som ikkje er bærekraftig. Det medfører risiko for at Helse Førde ikkje vil ha tilstrekkeleg investeringsevne til å oppretthalde og fornye nødvendige driftsmidlar på lengre sikt.</p> <p>Største risikoområde og drivarar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Personalkostnader - tilgang til personal med rett kompetanse er kostnadsdrivande - Kostnadsutvikling knytt til nye behandlingsmetodar - Ingen vekst i inntektene, men forventna utvikling i tilbodet som aukar kostnadane - Inflasjon og dermed auka rentekostnader 	
<p><i>Oppsummering av risikoreduserande tiltak:</i> Jamnleg gjennomgang og oppfølging av økonomisk status på alle nivå i organisasjonen, med fokus på tiltak, prioriteringar og endringsleing for å oppnå ynskta effektar.</p>	
<p><i>Kontrollaktivitetar for å vurdere om risiko endrar seg:</i> Måltal er:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) Drift innanfor økonomiske rammer. Dette gjeld på alle nivå i HFD. 2) Investering i tråd med investeringsbudsjett. 	

Intern samhandling har førebels ikkje gjennomført risikovurderingar, men rapporterer på status i arbeidet:

Intern samhandling	
<i>Styringsmål:</i> Helse Førde har rutinar som sikrar god intern samhandling i og mellom einingar slik at pasientforløp har god flyt og vert gjennomført som planlagt.	Risikoeigar <input type="text" value="Asle Kjølraug"/>
<i>Forankring og organisering av arbeidet innanfor risikoområdet:</i> Det er oppnemnt risikoeigar og risikoansvarleg og det er etablert lokal arbeidsgruppe. Det blir rapportert på arbeidet til styret i Helse Førde og inngår som ein del av føretaket si verksemdsstyring.	Risikoansvarleg <input type="text" value="Dagrun Kyrkjebø"/>
<i>Vurdering av risiko:</i> Prosjektet går i to fasar. I første fase (vår 2023) skal det gjennomførast ei kartlegging av risikobilete der dei største risikoane skal identifiserast. I andre fase (haust 2023) skal det gjennomførast strategisk risikovurdering av utvalde risikoar. I første fase held arbeidsgruppa no på med å samle inn data frå ulike kjelder som t.d. Synergi, pasientklagesaker, samtalar med fagpersonell for å få deira syn på kva som er utfordrande innanfor intern samhandling. I juni skal arbeidsgruppa ha møte med risikoeigar der ein saman vel ut topp 3 risikoar som ein skal arbeide vidare med utover hausten 2023.	<p>Vurdering samla risiko</p>  <p>Låg Høg</p>
<i>Oppsummering av risikoreduserande tiltak:</i>	
<i>Kontrollaktivitetar for å vurdere om risiko endrar seg:</i> Nedgang i tal avvikssaker meldt i Synergi som omhandlar problemstillingar ved intern samhandling.	

Kommentarar

Den overordna risikostyringa skal sikre at styre og leiing har eit best mogeleg bilete av dei store risikoane i helseføretaket. Denne rapporteringa bør også sjåast i samheng med leiinga sin gjennomgang (LGG) for 1. tertial.

I denne rapporteringa skil økonomiområdet seg ut med svært høg risiko for ikkje å nå styringsmålet. Det er særskilt peika på fare for manglande investeringsevne framover. Administrerande direktør vil følgje økonomistyringa tett for å sjå til at nødvendige tiltak er sette i verk og at dei blir følgde opp. I tillegg har Helse Førde pågåande dialog med Helse Vest om finansiering av Nye Førde sjukehus. Også innanfor rekruttering er det høg risiko innanfor nokre fagområde. Noko også leiinga sin gjennomgang syner.

Arbeidet med topp-5 risiko i Helse Vest har innehalde dei same risikoområda i fleire år. Prosessen for utveljing av dei regionale risikoområda skal gjennomgåast i 2023. Det er viktig å sikre ei kontinuerleg vurdering av kva risikoområde som skal løftast opp på føretaksnivå, både regionalt og lokalt.

Helse Førde har ikkje eit fullgodt system for å fange opp, og ha oversyn med, alle risikoområda ute i drifta. Regionalt er det no bestemt at Helse Vest og føretaka skal ta i bruk ein risikostyringsmodul i IKT-verktøyet Synergi, som mellom anna også vert nytta som

avvikssystem. Dette skal vere klart rundt årsskiftet. Når det er fullt ut implementert vil det lette leiinga sitt arbeidet med å ha god oversikt.

Konklusjon

Rapporteringa på risikostyring, og leiinga sin gjennomgang, gir samla eit godt bilete av risikoane i føretaket. Økonomiområdet må følgjast særskilt tett framover.